Fiskeridirektoratet
postmottak@fiskeridir.no

14.oktober 2026

Innspel til Reguleringsmøtet - Sak 22/2027 nordsjøsild

Pelagisk Forening meiner at direktoratet har vore aktive og inkluderande når det gjeld auke av delkvoteeiningar i UK si sona.

Som tidlegare år meiner Pelagisk Forening at eventuelt fiske ut over soneadgang bør trekkast frå fartøykvoten. Pelagisk Forening forstår det slik at direktoratet ikkje har naudsynte heimlar for trekk på fartøynivå. Pelagisk Forening ber om at direktoratet set i gang arbeid for å få naudsynte heimlar til trekk på fartøynivå.

Det blir òg bede om at direktoratet vurderer om eventuelt fiske ut over kvote ikkje berre skal føra til inndraging, men òg om kvantumet skal trekkast på fartøynivå neste år. Dette som ei prøveordning. Det vil truleg føra til at det blir mindre overfiske.

Pelagisk Forening meiner at fisket i open gruppe bør stoppast når avsett kvantum er fiska.

Med helsing

Pelagisk Forening - Pelagisk Servicekontor AS

Dokumentet er godkjent elektronisk.